

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 24.09.2019
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Økonomidirektør Ola rye, HR-direktør Berit Beate Berntsen, fagdirektør Christer Bakke Frantzen

SAKA GJELD: Innspel til ny plan for internrevisjon i Helse Vest (2020-2021)

ARKIVSAK:
STYRESAK: 022/19

STYREMØTE: 01.10.2019

FORSLAG TIL VEDTAK

Som innspel til Internrevisjonen, Helse Vest RHF sin *Regional plan for internrevisjon (2020-2021)* foreslår SAV at tilverking av legemiddel i sjukehusavdeling blir tema for revisjon.

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest har invitert føretaka til å kome med innspel til regional plan for internrevisjon (2020-2021). Frist for innspel til tema er 15.11.2019.

Som innspel til Internrevisjonen, Helse Vest RHF til *Regional plan for internrevisjon (2020-2021)* foreslår SAV at tilverking av legemiddel i sjukehusavdeling blir tema for revisjon. Bakgrunn for val av tema er at dette har vore gjenstand for risikovurdering i helseføretaka etter revidert forskrift om legemiddelhåndtering i 2015, med presiseringar i rundskriv IS-7 2015 (Legemiddelhåndteringsforskriften).

Fakta

Styret i Helse Vest vedtek plan for den regionale internrevisjonen etter innstilling frå revisjonsutvalet. I arbeidet med oppdatert plan for 2020-2021 blir det henta inn innspel frå dei ulike føretaka. På denne måten søker ein å involvere styre og administrativ leiding for å etablere eit best mogleg plangrunnlag.

Instruksane til internrevisjonen og revisjonsutvalet er å sjå nærare på om føretaksgruppa oppfyller krav til *målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursar; påliteleg styringsinformasjon; etterleving av regelverk; eigarkrav og eigne vedtekne krav, samt oppfølging og læring av feil og avvik rapportert frå interne og eksterne tilsyns- og kontrollinstansar.*

Tre prosjekt i Helse Vest revisjonsplan for 2019-2020 blir rullert vidare inn i ny planperiode for 2020-2021:

- IKT-tryggleik
- Bruk av tvang i psykisk helsevern
- Bruk av avtalespesialistar

Fire nye tema blir prioritert inn i Helse Vest revisjonsplan 2020-2021

- Legemiddelberedskap
- Samfunnsansvarleg handel
- Mottaksmodellen i Bergen
- Variasjon i bruk av helsetenester.

Føretaket ser det som føremålstenleg at arbeidet til internrevisjonen vert sett over fleire år og at innsatsområda understøttar arbeidet i føretaka på ein slik måte at kunnskapen frå revisjonsaktivitetane kan nyttast til vidare utvikling. SAV vurderer alle eksisterande områder i planen som relevante for internrevisjonen og revisjonsutvalet sine instruksar, og vil i tillegg spele inn **tilverking av legemiddel i sjukehusavdeling** som aktuelt revisjonsområde.

Bakgrunn for val av tema er at området har vore gjenstand for risikovurdering i helseføretaka etter revidert forskrift om legemiddelhåndtering frå 2015, med presiseringar i rundskriv IS-7 2015 (Legemiddelhåndteringsforskriften). Revisjonen bør vere spesielt merksam på kva legemiddel som blir produsert i sjukehusavdelingane, risikofaktorar og føresetnader for slik produksjon.

Temaområdet blei og spelt inn til revisjonsplan for fagrevisjonar i Pasienttryggleiksprogrammet i Helse Vest for 2018-2019 og til plan for internrevisjon Helse Vest 2019-2020, men vart ikkje prioritert der.

Konklusjon

Som innspel til Internrevisjonen, Helse Vest RHF sin *Regional plan for internrevisjon (2020-2021)* foreslår SAV at tilverking av legemiddel i sjukehusavdeling blir tema for revisjon.

.....